



Surnadal Heimbygdlag

Leiar: Trygve Roaldset, 6650 Surnadal tlf.90063534: trygveroaldset@gmail.com

Kasserar: Arild Drøivoldsmo, Setergardsv.24, 6652 Surna. tlf.41375889

arild.droivoldsmo@gmail.com

Skrivar: Sverre Hatle, Gulla, 6650 Surnadal tlf.71662133 sverre.hatle@online.no

02.09.2014

Til Kulturdepartementet

Høringsfråsegn: Endring av stadnamnlova

Så vidt vi kan forstå dei endringane som kulturdepartementet foreslår i stadnamnlova, inneber dei:

1. At eigaren av eit bruk avgjer suverent korleis bruksnamnet skal skrivast.
2. At eigaren ikkje treng å bry seg om at skrivemåten avvik frå den offisielle skrivemåten av eit nedarva gardsnamn som er identisk med bruksnamnet.
3. At eitt og same stadnamn kan eksistere side om side med mange forskjellige skrivemåtar.
4. At eigaren ikkje treng å bry seg om at skrivemåten avvik frå rettskrivingsystemet i norsk (inkludert framandbokstavane c, q, w, x, z)
5. At det ikkje er avgrensa kor ofte eit bruksnamn kan skifte skrivemåte, f.eks. ved generasjons-/eigarskifte

Her i bygda vil det innebera slike utslag:

1. Namnet **Hjellnes** kan skrivast *Gjeldnes, Hjeldnes, Jeldnæss*
2. Namnet **Hyllbakkan** kan skrivast *Hyldbakk, Hylbak*
3. Namnet **Åsgard** kan skrivast *Aasgård, Aasgaard*
4. Namnet **Honnstad** kan skrivast *Honstad, Håndstad, Haandstad, Hundstad*
5. Namnet **Austistua på Gulla** kan skrivast *Gulla Gård, Gulla Østre, Østre Gulle*
6. Namnet **Vassenden** kan skrivast *Vaseng, Vasend, Waszend, Wasengen*
7. Namnet **Øyan** kan skrivast *Øyen, Øien, Øie, Øe*
8. Namnet **Kvennbøen** kan skrivast *Kvendbø, Qenbo, Quandbøe*
9. Namnet **Litl-Kvennbøen** kan skrivast *Lille-Kvendbø, Kvendbø Lille*

Vi må vel gå ut frå at slike skrivemåtar kan komma på offentlege kart.

Vi må på det sterkaste frårå at kulturdepartementet lagar ugreie med slike forandringar. Vi kan ikkje sjå at kulturdepartementet har grunnlag for å hevde at denne endringa ikkje svekkjer vernet av nedarva stadnamn som kulturminne.

Surnadal Heimbygdlag

Trygve Roaldset

Marit Lesund

Arild Drøivoldsmo

Svein Sæter

Sverre Hatle